

Habilitetsvurdering av Bjarte Helland i saka om forvaltningsrevisjon av Kvam barnevern

Bakgrunn for vurderinga:

- Sekretariat for kontrollutvalet i Kvam herad har bedt rådmannen om å gjennomføra ei habilitetsvurdering av Bjarte Helland.
- Bjarte Helland er kontrollutvals- og heradsstyremedlem.
- Bjarte Helland meldte seg inhabil i saka då Kvam kontrollutval handsama saka i sitt møte 10.9.2024, sak PS 35/24 der bestilling av revisjonsarbeid var tema.
- Bjarte Helland er fosterfar til eit barn som kjem frå bustad i ein annan kommune. Fosterheimen er dermed underlagt tilsyn frå barneverntenesta i Kvam herad.
- Forvaltningsrevisjonen som er bestilt vil mellom anna gå inn på følgjande problemstilling: I kva grad har kommunen etablert system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging og tilsyn av barn i fosterheimar? Her medrekna: I kva grad er det etablert ei tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheim?

Vurdering av habilitet etter forvaltningslova § 6, 1. ledd

Bjarte Helland vert ikkje rekna som automatisk inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. avsnitt. Helland er ikkje å rekna som part i saka jf. fvl. § 6, 1. ledd, a). Han vert heller ikkje rekna som inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, d).

Sjølv om vilkåra i første ledd ikkje er oppfylte, skal ein folkevald likevel reknast som inhabil «når det ligg føre andre særlege høve som er eigna til å svekkje tilliten til vedkomande si upartiskheit». Det må difor gjerast ei vurdering etter fvl. § 6, 2. avsnitt.

Vurdering av habilitet etter dei skjønnsmessige reglane i forvaltningslova § 6, 2. avsnitt

Denne regelen opnar opp for ei brei, skjønnsmessig vurdering av om det ligg føre «særegne forhold (...)» som er eigna til å svekke tilliten til Bjarte Helland sin evne til å handsama saka på ein uhilda måte. For at det skal oppstå inhabilitet etter Fvl. § 6, 2. ledd må det liggja føre eit eller fleire «særegne forhold» som er eigna til å svekka tilliten til Bjarte Helland sin «upartiskhet».

Som fosterheim utfører Bjarte Helland eit oppdrag for ein annan kommune, men det er Kvam herad som har ansvaret for tilsynet med barnet som er i fosterheim og bur i Kvam.

Barneverntenesta har ansvar for å kontrollera at alt går bra i fosterheimen. I tillegg skal ein uavhengig tilsynsperson føra tilsyn med fosterheimen. Tilsynet er ein ekstra kontrollfunksjon som skal sikra at barnet vert teken i vare på best mogeleg måte, og at barnet rettstryggleik er ivareteken.

Tilsynspersonen kan vera ein oppnemnt privatperson. I oppnemninga vert det ikkje stilt krav til formell barnefagleg eller barnevernfagleg bakgrunn. Tilsynspersonen skal gjera si uavhengige vurdering, og kan ikkje ha bindingar til verken barneverntenesta som har ansvar for barnet, barnet sine foreldre eller fosterforeldra.

Tilsynet vert gjennomført ved at tilsynspersonen kjem på avtalte besøk så ofte som det er naudsynt, og minimum fire gonger i året. Fosterforeldra og barnet skal varslast om besøka. I etterkant av besøket skriv tilsynspersonen ein rapport, som vert levert til barneverntenesta som har ansvaret for barnet.

Det skal føres tilsyn med kvart enkelt barn så lenge dei bur i fosterheimen og er under barneverntenesta si omsorg.

Kvam herad sitt ansvar for barn som bur i fosterheim i kommunen, uavhengig av om dei er plassert her av andre kommunar, er regulert i *Lov om barnevern (barnevernslova)* og det er særskilt i lovreglane, bvl. §§ 9-5 og 9-10 at me finn dette presisert:

Lov om barnevern § 9-5. Valg og godkjenning av fosterhjem

«Barneverntenesta i omsorgskommunen har ansvar for å velge et fosterhjem som er egnet til å ivareta det enkelte barns behov, og skal godkjenne fosterhjemmet. Med omsorgskommunen menes den kommunen som har ansvaret etter [§ 15-4](#) eller [§ 15-5](#).

Dersom fosterhjemmet ligger i en annen kommune enn omsorgskommunen, kan barnevernstjenestene i de to kommunene inngå avtale om at det er barnevernstjenesten i kommunen der fosterhjemmet ligger, som skal godkjenne fosterhjemmet».

Lov om barnevern § 9-10. Tilsyn med barn i fosterhjem

«Kommunen der fosterhjemmet ligger, har ansvar for å føre tilsyn med barnets situasjon i fosterhjemmet. Kommunen skal føre tilsyn med hvert enkelt barn i fosterhjemmet fra plasseringstidspunktet og frem til barnet fyller 18 år. Formålet med tilsynet er å kontrollere at barnet får forsvarlig omsorg i fosterhjemmet, og at forutsetningene for plasseringen blir fulgt opp. Kommunen skal sørge for at de som skal utøve tilsynet får nødvendig opplæring og veiledning».

Det avgjerande momentet i denne habilitetsvurderinga er om Bjarte Helland har ei særleg personleg interesse i saka, eller om det ligg føre andre tilhøve som kan svekka tilliten til hans evne til å opptre uhilda. Forvaltningsrevisjonen som er bestilt vil mellom anna sjå på i kva grad kommunen har etablert system og rutinar for å sikra tilstrekkeleg oppfølging og tilsyn av barn i fosterheimar. Vidare skal revisjonen kontrollere i kva grad det er etablert ei tilfredsstillande ordning knytt til tilsyn med fosterheimar i Kvam.

Dersom saka som skal handsamast omfattar generelle forhold knytt til organisering, ressursbruk eller tilbod i barnevernet, og desse forholda kan ha tyding for oppfølginga eller vilkåra han har som fosterheim, kan Bjarte Helland ha ei særleg personleg interesse i utfallet

av saka. Rådmannen vil påpeika at Bjarte Helland som fosterheim står i eit visst avhengnadstilhøve til tenesta han skal vere med på å vurdera. Rådmannen meiner difor at dette utgjer eit «særleg forhold» som kan vera med på å svekka ålmenta sin tillit til Bjarte Helland sin evne til handsama saka på ein uhilda måte. Rådmannen viser vidare til at Bjarte Helland kjenner seg sjølv inhabil i saka og at han difor ikkje ønskjer å delta i handsaminga av den. **Rådmannen støttar Bjarte Helland si eiga vurdering av eigen habilitet, og meiner at Helland er å rekna som inhabil i saka jf. fvl. § 6, 2. avsnitt og difor ikkje bør delta i handsaminga av saka.**

Då dette er ei vurdering som er gjort etter fvl. § 6, 2. avsnitt, så er det utvalet sjølv som må ta stilling til habilitet jamfør forvaltningslova § 8, 2. avsnitt. Rådmannen i Kvam kjem difor her berre med ei vurdering og tilråding i saka.

1. Dersom utvalet meiner at Bjarte Helland er inhabil i saka, så skal dette heimlast på følgjande måte: *Bjarte Helland er inhabil i saka jf. fvl. § 6, 2. avsnitt og kan ikkje delta i handsaminga av saka*
2. Dersom utvalet meiner at Bjarte Helland er habil i saka, så skal dette heimlast på følgjande måte: *Bjarte Helland er habil i saka jf. fvl. § 6, 2. avsnitt og kan delta i handsaminga av saka.*